

Referat FAU-møte 06.03.2024

Tid: 18.15 - 20.00

Stad: Møhlenpris skule

Frammøte

Ingvild Kjørrefjord (1. trinn), Annlaug Børsheim (2. trinn), Hege H. Bye (vara 2. trinn), Tora Holm (3. trinn), Azar Alsharif (leiar og 4. trinn), Marte Røv (5. trinn), Hilde Ellefsen (6. trinn), Vivil V. Haraldsen (7. trinn).

Saker

Sak 38/23-24 Godkjenning av innkalling, saksliste og referat

Innkalling, saksliste og referat godkjent.

Sak 39/23-24 Budsjett 17. mai

Godkjent med atterhald om endringar

Kommentar til budsjett: Det vart stilt spørsmål kring overskotet på 150 trykte program i frå i fjor - treng me trykte program? Delte meiningar om dette, om det er ein stor kostnad er det kanskje ikkje naudsynt med trykte program?

4.trinn orienterte kort om planlegginga av 17. mai.

4.trinn vil lage ei liste med tips og ting å hugse på til 17.mai som dei sender ut til kvart trinn.

Foreldre i toget

Tidlegare har det blitt oppmoda frå skulen om å ha så få foreldre i toget som mogleg, dette er vanskeleg å forstå, særskilt med tanke på dei minste trinna. Me treng foreldre til å fylje elevane i toget. Kan dette kommuniserast på ein betre måte?

Faner

Kvart trinn har ansvar for å lage/få tak i faner til toget. FAU-representantar tar dette vidare til sine trinn på foreldremøte 20.mars. Kan FAU organisere ein fane-verkstad?

Sak 40/23-24 Oppfølging sykkel- og plantedag

Marte orienterte om stoda

Frivilligsentralen er positive til å vera med og har ansvar for sykkelverkstaden.

Nabolagshagen ved Liz Eva er positive til å vera med. Alle som er spurt er positive til å vere med.

Det vil bli satt ein førebels dato i slutten av april for sykkel og plantedagen. Det må vere ei opning for å sjå an vêret og kunne endre på denne når det nærmar seg. Marte vil finne forslag til dato, så dette kan informerast om på foreldremøte.

I fjor hadde korpset ansvar for kafeen, eit ynskje om at dei skal ha det i år også. Evt i samarbeid med FAU.

Diskuterte om det skulle lagast til ein ny verkstad i tillegg til dei som alt er der.

Forslag: Male på steinar-verkstad.

Sak 41/23-24 Kvalitetsoppfølging våren 24

Oppfølging og orientering ved Azar.

Undersøkinga skal vere klar til foreldremøtet 20.mars.

FAU representantane informerer om undersøkinga på trinna sine og oppfordrer foreldre til å svare.

Sak 42/23-24 Åpen hall

Påminning om å informere trinna om dette tilbodet. Det kan vere lurt å koble på trinnkontaktane og informere om at dette kan brukast som ein møtestad for trinnet. Ingvild sender ut meldinga til FAU frå Johannes Servan som vart sendt på epost tidlegare.

Kan me utvikle Åpen Hall som møtestad?

Forslag:

Arrangere bruktmemarknad i høve sesong og årstid

Arrangere kafé på sundagane

Sak 43/23-24 Midlar til sosiale tiltak på trinn

7. trinn har fått midlar til filmkveld frå FAU.

Huske å orientera på alle trinn om denne moglegheita. Me treng ikkje gå ut med sum, men set i prinsippet ei ramme på 1000 kr.

Sak 44/23-24 Kor + frivillighetssentralen?

Saka utsatt til neste møte

Sak 45/23-24 Saker fra foreldre

Ingen

Eventuelt

Etterlyser betre informasjon om overrekkinga av gáva til Adina-stiftinga. Ein video frå denne overrekkinga skal vere tilgjengeleg. 2.trinn har fått denne infoen tidlegare. Einige om å høyre med kontaktlærarane om dei kan formidle dette til sine trinn.

FAU-møtet i mai er flytta til torsdag 2.mai

